

# & REPORTASJE

Send inn tips til e-post:  
**post@osogfusa.no**  
 eller ring 56 30 29 50

# – Os vil alltid vera heime

Smykkedesigner Vibeke Lyssand Leirvåg satsa stort for 28 år sidan då ho flytta til Bangkok der ho etter kvart starta for seg sjølv. Businessen går godt, og nyleg vann ho to prisar for arbeidet sitt. Trass i fleire tiår utanlands, vil Os alltid vera heime for den suksessrike osingen.

## ► STEINNESET

– Eg er meir glad i Noreg no enn eg nosinne har vore. Vi må aldri gløyma kor godt det er i Noreg, og kor rike vi nordmenn er på kultur og språk. Det er det viktig å ta vare på, seier Vibeke og held fram:

– Eg har 150 tilsette. Halvparten av løna deira går til foreldra. Dei har ikkje dei same goda og sjanske som vi har.

I sommarferien har familien vitja Kinsarvik, Folgefonna og ruinane på Lyse Kloster, for å nemna noko. Vibeke håpa også på fint vær ein dag, slik at familien kunne ta seg ein tur på Borgafjellet.

– Det er utruleg ulikt Bangkok og Thailand. Thailand er blitt heimlandet mitt,

men Os vil alltid vera heime for meg. Ein gong osing alltid osing. Eg ser ikkje føre meg at vi flyttar til Noreg noko gong, men om det skulle skje, er det berre Os som er aktuelt, seier ho og smiler.

### Helste på visestatsministeren

Familien er i Noreg på ferie ein gong i året. Grunna jobb blir det eit par ekstra Noregs-turar på Vibeke. Omlag ei veke inn i årets sommarferie måtte ho fly tilbake til Thailand. Ho hadde vunne ein pris, som visestatsministeren delte ut. Kvart år har thailendarane ein dag kor dei hyllar språket sitt. Forfattarar og songarar som brukar språket rett, og profesorar og utlendingar som både meistrar og gjer noko for å vidareføra språket, blir nominerte. I tillegg til å驱ra Felicia, er Vibeke visepresident i Joint Foreign Chambers of Commerce i Thailand.

– Vi var fire utlendingar som fekk ein pris. Eg var den einaste kvinnan som var med. Å få ein slik pris i Noreg er kanskje ikkje så stort, men i Thailand er det veldig stort. Det ville vere frekt av meg å ikkje stilla. Eg var tilbake i eit knapt døgn, før eg reiste til Noreg igjen, seier ho.

### Vann designpris

I sommar har ho i tillegg til kulturprisen, vunne ein designpris. På Gem Vision var Vibeke ein av tre vinnarar.

– Eg har jobba fleire gonger med Swarovski. Dei siste ti år har eg delteke på Gem Vision der det blir snakka om kva trenar ein forventar skal koma, seier Vibeke.

På dei føregåande arrangementa har

designarane fått to månader på seg til å laga forslag til trendar. Men i år fekk dei press på seg og måtte laga noko på spar-ket.

– Eg har aldri delteke i konkurransen før. Vi fekk fire tema, som vi måtte laga noko kring. Eg valte tilbake til naturen, og laga eit isberg. I konkurransen med 30–40 andre designarar blei eg og to andre plukka ut som vinnarar, seier Vibeke og legg til at sjølv om ho ikkje er så flink til å teikna, så likte ho konkuransen.

– Eg plar laga grovkissene, og så får eg nokon andre til å teikna for meg. Vi måtte jobba under press, og tenkja raskt. Ein fin måte å visa kreativitetën sin på.

### Fem glansår

14. oktober 1989 kom Vibeke til Thailand for første gong. Då arbeidde ho for Gullsmed Anders Fagerthun, osingen som då hadde etablert ein smykkefabrikk i Bangkok. Etter fire år, der ho det siste året var fabrikksjef, returnerte Vibeke til Noreg. Ho starta ein kledebutikk for born, men det varte ikkje lenge. Ho lengta tilbake til Thailand. Difor la ho ned butikken og starta for seg sjølv i Austen.

– Korleis går businessen?

– Det går bra. Vi hadde fem glansår. Vi hadde særleg ein kjempestor kunde, etter at dei forsvann, blei det vanskeleg for oss som alle andre. Så lenge vi tener pengar, går det greitt, seier Vibeke, som legg til at dei er i ferd med å produsera sin eigen kolleksjon som vil bli lansert på Hongkong internasjonale smykkesmesse i september. Kolleksjonen har fått namnet, Karianna, som er ein kombinasjon av namnet til Vibekes tvillingdøtrer,

### Kari og Annamaria.

– Det er på eit mindre nivå, men det blir for å utnytta lågsesongen.

### «Adopterer» born

Men det er ikkje berre smykke det går i. Vibeke er aktiv i dei veldedige organisasjonane «Kids Action For Kids» og «The Thai Muslim Women Association of Thailand».

– Eg vel å støtta mindre organisasjoner i staden for dei store, for då kjem ein tettare på og kan sjå kva betydning tilskotet gjev. Det er lettare å ta del i det då, og det blir mykje nærmare. Mamma er også veldig involvert i «Kids Action for Kids».

Thai Muslim Women Association of Thailand driv ein barneheim. Kvart år får borna besøk av Vibeke med alle sine tilsette og familien hennar.

– 25. desember lagar vi show for borna. Då kjøper vi gjerne noko så enkelt som is-krem, noko som dei ikkje får i kvardagen, i tillegg til ein julepresang til alle borna. Dette har vi gjort i fem år. Vi har samstundes «adoptert» ungar ved at vi følger dei gjennom skulegangen, og syt for støtte heile vegen. I Noreg tek ein skulen for gitt. Det er ingen garanti for at ein får noko slikt i Thailand, seier Vibeke.

### ► Benjamin Søgnen Olsen

benjamin@osogfusa.no



**BORTE BRA, OS BEST:** Eit par veker kvart år, er familien heime i Noreg. I år hadde dei med seg besøk også. Frå venstre – Joom, Clara Isabel, Annamaria, Kari og Erica. (Foto: Benjamin Søgnen Olsen)



**KULTURPRIS:** Her tek imot smykkedesigneren frå Os kulturprisen. (Foto: Privat)



**TALE:** Vibeke etter å ha vunne designpris. (Foto: Privat)

# for meg

**FAKTA:****KIDS ACTION FOR KIDS (KAKF)**

KAKF – Kids Action for Kids er ein norsk organisasjon som samarbeider med Operation Smile og Benchachinda Group i Thailand for å finansiere operasjoner for born som er født med leppspalte, open gane og/eller andre ansiktsskadar. Sidan 2009 har over 1.000 born i Thailand og Myanmar fått «eit nytt smile». Benchachinda Group matchar krone for krone av dei beløpa ein samlar inn. Kvar krone går direkte til operasjoner, det er ingen administrasjonskostnader.



**ROSEMÅLING:**  
Vibeikes oldefar Karl Midtbø er ein av dei mest kjende rosemålarane frå Os. Vibeke har laga ein kolleksjon basert på oldefaren sin verk. (Foto: Benjamin Søgnen Olsen)



**TRIVST HEIME:** Vibeke Lyssand  
Leirvåg er meir glad i Noreg enn  
nokosinne før, men det betyr  
ikkje at ho har tenkt å flytta  
heim frå Bangkok. (Foto:  
Benjamin Søgnen Olsen)